



Saksframlegg

Stykkjevika forprosjekt

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Bakgrunn for saka:

Fyresdal kommune står no i ei utvikling der både næringsliv, reiseliv og samfunnsstruktur er i endring. Planane om mogleg etablering av datasenter i Fyresdal vil skape nye behov for tilrettelegging, mellom anna for overnatting. Samstundes har kommunen gjennom mange år hatt eit aukande fokus på reiseliv og ønskjer å vidareutvikle Fyresdal som ein attraktiv turistdestinasjon.

Stykkjevika er ei av dei mest naturskjønne strendene i Telemark, med unikt potensial som rekreasjonsområde og besøksmål. Området vert i dag i stor grad nytta av tilfeldige camperar og andre brukarar som ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til natur, strandsone og friluftsliv. Dette har ført til slitasje, forsøpling og uregulert bruk, noko som er uheldig både for naturmiljøet og opplevinga for publikum. Som eigar har kommunen ansvar for å vidareutvikle området, og sikre at verdiane ikkje går tapt gjennom manglande forvaltning.

Torsdag 27. november gjennomførte vi ein workshop med kommunestyret, der det kom fram mange gode forslag til kva kommunen bør satse på framover for å bli meir attraktiv for busetting og besøk. Møtet vart avslutta med at deltakarane fekk to lappar: ein til å skrive opp eit forslag til overnattingskonsept, og ein til å peike ut kor konseptet eventuelt burde plasserast. Fleirtalet peikte på hotell som overnattingskonsept, og Stykkjevika vart vald som føretrekt plassering. Dette viser at det er stor interesse for å sjå på moglegheiter for overnatting ved Stykkjevika. For å sikre betre forvaltning av området, møte både turistane sitt overnattingsbehov og det aukande behovet for overnatting knytt til etablering av datasenter, og for å vurdere om eit framtidig overnattingskonsept kan vere eit berekraftig verkemiddel for å styre bruken i ønskja retning, ønskjer administrasjonen å starte eit forprosjekt som utreder moglegheitene for overnatting i Stykkjevika.

Vurdering:


Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035;

- *Areal, klima og miljø – rett bruk av natur- og friluftsområde, tilrettelegging som tek vare på naturverdiar.*
- *Næring og arbeidsliv – Fyresdal kommune skal legge til rette for næringsutvikling og berekraftig verdiskaping.*
- *Bulyst og lokalsamfunnsutvikling – kommunen skal vere attraktiv for både innbyggjarar, besøkande og verksemdar.*

Marknadsvurdering

Potensialet for hotell i Fyresdal er tydeleg når ein ser på overnattingsstatistikken for Telemark fylke:

- **I snitt ligg over 40% av alle overnattingar på hotell.**
- Omtrent 40–50 % skjer på campingplassar.
- I underkant av 10 % skjer på hytter og andre overnattingseiningar.



Tabell 1 Statestikk henta frå SSB. <https://www.ssb.no/transport-og-reiseliv/reiseliv/statistikk/overnattingar>

Fyresdal har i dag ikkje eit hotelltilbod, og går dermed glipp av ein betydeleg del av dei som vel hotell som overnattingsform. Dette gjeld både fritidsturistar, kurs- og konferansegjester, og framtidige næringsaktørar knytt til eventuelt datasenter eller andre etableringar. For å vere konkurransedyktige som reiselivskommune og styrke lokal verdiskaping, treng kommunen eit meir variert og profesjonalisert overnattingstilbod.

Det kjem også nå fram at både i utbyggings – og driftsfasen av datasenter vil det vere behov for overnatting med høg standard – og dette bør gjerast i tråd med kva ein ynskjer på reisemålsutvikling. Overnattingskonsept som blir ståande att og som tener fleire formål.

Eit forprosjekt for mogleg utbygging av overnattingskonsept i Stykkjevika vil:

- gje kunnskapsgrunnlag for å vurdere korleis området kan brukast på ein naturvennleg og regulert måte
- kartleggje moglege plasseringar som ivareteke strandsone, friluftsliv og landskap
- avklare kva type og storleik av overnattingskonsept som kan vere aktuelt
- styrkje grunnlaget for lokal næringsutvikling og nye arbeidsplassar
- dekke eit behov for overnatting både for turistar og kommande næringsetableringar
- styrkje Fyresdal som reisemål og bidra til meir heilårsaktivitet

- gi kommunen betre styring over bruken av Stykkjevika og redusere dagens uregulerte campingbruk

Administrasjonen vurderer at eit forprosjekt no er riktig steg for å sikre gode avklaringar før eventuelle vidare prosessar med reguleringsplanlegging eller investeringar. Forprosjektet vil ikkje føregripa om eit hotell vert bygd, men skal gi kunnskapsgrunnlaget som trengst for politisk vurdering av om kommunen skal arbeide vidare med kva for type overnattingskonsept.

Konklusjon:

Oppstart av eit forprosjekt for mogleg utbygging av overnattingskonsept i Stykkjevika er vurdert som eit riktig steg for å sikre kunnskapsbaserte avgjerder før eventuell vidare reguleringsplanlegging eller investeringar. Forprosjektet vil gi grunnlag for å vurdere korleis området kan brukast på ein naturvennleg og regulert måte, samtidig som det møter både turistane sitt overnattingsbehov og det aukande behovet frå næringsaktørar.

Eit framtidig overnattingskonsept kan styrkje Fyresdal som reisemål, gi meir heilårsaktivitet, støtte lokal næringsutvikling og nye arbeidsplassar, og bidra til å profesjonalisere tilbodet i kommunen. Samstundes sikrar forprosjektet at natur- og friluftssyn i Stykkjevika vert ivaretatt, og at området vert brukt på ein måte som gagnar både lokalsamfunnet og tilreisande. Prosjektet vil dermed harmonere godt med kommunen sine mål for berekraftig samfunnsutvikling, næringsutvikling og reiselivssatsing.

Ein bør sette av kr 300 000–500 000,- av samfunnsutviklingsfondet til forprosjektet, for å sikre nødvendige utgreiningar og planlegging som gir eit solid grunnlag for politiske avgjerder om eventuell utbygging av overnattingskonsept i Stykkjevika.

Innstilling frå kommunedirektøren:

1. Fyresdal kommune set i gang eit forprosjekt for å utrede mogleg overnattingskonsept i Stykkjevika.
2. Forprosjektet skal greie ut aktuelle plasseringar, omfang og type overnatting, inkludert prospekt for eventuell utbyggar.
3. Forprosjektet skal særleg vurdere miljøomsyn, strandsonevern, friluftssyn og heilskapleg bruk av området.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å organisere prosjektet, fastsetje budsjett (kr 300 000–500 000 frå samfunnsutviklingsfondet) og leggje fram framdriftsplan.
5. Resultatet av forprosjektet skal leggjast fram for politisk behandling før eventuelle vidare steg vert vurdert.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Gerd Straume
	næringssjef